



Saknr.	Utval	Møtedato
035/23	Teknisk, miljø- og kulturutvalet	24.08.2023

## Framtidig plan for kjeveinnsamling eller kontroll i Gloppen kommune

### Kort samandrag av saka

#### Kommunedirektøren si tilråding

Teknisk, miljø- og kulturutvalet vedtar at valda står for eigen kontroll av felte dyr og dei oppmodast om å innføre ein form for kjevekontroll, for å kunne kvalitetssikre registrerte data i Hjorteviltregisteret.

Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 30 vedtar Teknisk, miljø- og kulturutvalet at valda 3. kvart år (med oppstart frå jakta i 2025) skal levere inn alle kjevar som del av kommunen sin datainnsamling. Alle vald får ei godtgjersle på kr 20,- per leverte kjeve med utfylt kjevelapp, som samsvarar med registrering i hjorteviltregisteret, om dei sendar inn nødvendig informasjon for utbetaling.

Med heimel i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5 a skal viltfondet nyttast til å dekke kostnader med aldersbestemming av leverte kjevar og godtgjersle til valda.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Gloppen kommune vart i 2022 teke ut av Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) sitt overvakingssjokjekt for hjortevilt. Ei prøveordning der valda kontrollerte innsamla kjevar for kvarandre vart testa ut for jakta 2022. Ordninga skal no vurderast og kommunen skal vedta ein plan for eventuell kjeveinnsamling og/eller kontroll kjevar i Gloppen kommune.

#### Fakta i saka

Gloppen kommune har sidan 1991 vore deltakar i NINA sitt overvakingssjokjekt for hjortevilt der kommunen blant anna har samla inn kjevar til aldersbestemming, samt informert om vekt og kjønn. I 2022 vart Gloppen kommune teke ut av prosjektet grunna utviding av overvakingssjokjektet til nye hjortekommunar utan tilsvarande auke i tilgjengelege prosjektmidlar.

Teknisk, miljø- og kulturutvalet vedtok i sak 048/22 ei prøveordning på eitt år der valda i kommunen skulle samle inn kjevar som vart kontrollert av nabovald. Valda fekk tilbakebetalt kr 40 per kontrollerte kjeve frå viltfondet, tilsvarande tidlegare godtgjersle for innleverte kjevar.

Det vart felt 663 hjort i jakta 2022. Av desse vart 79 % (524 kjevar) kontrollerte. To vald og eit par jaktfelt hadde misforstått eller ønskte ikkje å vere med på ordninga. Ikkje alle valda fekk til å bytte, so nokre vald fekk til ei ordning med å sende inn bilde, mens andre kontrollerte sjølv.

#### Tilbakemeldingar frå vald:

Totalt sett er valda nøgd med å kontrollere kjevar på eit eller anna vis, men dei fleste meiner at valda

kan kontrollere seg sjølv. Fleire vart positivt overraska over kor effektive dei var og fann informasjonen interessant. Nokre følte på at dei leita etter kjeltringar og at det vart mistenkeleggjering om nokon ikkje leverte eller ikkje leverte alt. Det vart peika på at jakta har og bør vere tillitsbasert og at det er viktig at valda jobbar med dette internt. Eit vald peika på at kjevekontroll ikkje nødvendigvis er ein god måte å kontrollere avvik mellom kvote og avskyting. Fleire vald kommenterte at dei kjem til å sakne den eksakte aldersinformasjonen dei har fått tidlegare.

#### **Kostnad for datainnsamling og aldersbestemming:**

Når kommunen ikkje lenger er del av overvåkingsprosjektet må kostnaden for aldersbestemming dekkast av kommunen sjølv, ved bruk av viltfondsmidlar. Dette har heimel i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5 a. Gloppen kommune har etterspurt prisliste frå NINA og Utmarksressurs AS.

Pris NINA (aldersbestemming, kjevelengde, kvalitetssjekk av data, registrering i Hjorteviltregisteret):

- Tannsnitt (gjerne 3 år og eldre, samt rundt 5 % av 2-åringar): kr 304,- u/mva
- Aldersbestemming utan tannsnitt (vurdering av tenner, 95 % av 2-åringar): 160,- u/mva

Rabatt hos NINA på 25 % viss ein sjølv måler kjevelengde og kvalitetssjekkar innrapportert data.

Pris NINA med 25 % rabatt:

- Tannsnitt (gjerne 3 år og eldre, samt rundt 5 % av 2-åringar): kr 228,- u/mva
- Aldersbestemming utan tannsnitt (vurdering av tenner, 95 % av 2-åringar): 120,- u/mva

Pris Utmarksressurs (aldersbestemming, kjevelengder):

- Eldre dyr m/tannsnitt: kr 165,- u/mva
- Kalv og ungdyr (1,5 år): kr 35,- u/mva

Informasjonen frå Utmarksressurs vert presentert i ein tabell. Kommunen må sjølv registrere informasjonen inn i Hjorteviltregisteret, eller Utmarksressurs kan gjere det mot eit tillegg i prisen.

Basert på aldersbestemming frå 2021 er rundt 10 % av dei felte dyra som vert aldersbestemt 2 år. NINA kan bestemme alder basert på karakteristiske kjenneteikn på tannslitasje/-frambrot på rundt 95 % av 2-åringane. Kostnadsestimeringa under nyttar tal felte hjort frå jakta 2022. Her reknar ein med at alle kjevane er levert. Kalv og ungdyr sorterast ut og vaksne dyr sendast inn.

I 2022 vart det felt 663 hjort i Gloppen kommune. Desse vart fordelt som følgjar:

- Kalv: 203
- Ungdyr: 206
- Vaksen: 253 (der 69 dyr er estimert til å vere 2-åringar)

Kostnad NINA der berre vaksne dyr er sendt inn til aldersbestemming:

- Tannsnitt:  $253 - 65$  (95 % av 2-åringar) = 188 x kr 304,- = kr 57 152,-
- Utan tannsnitt: 4 (5 % av 2-åringar) x 160,- = kr 640,-
- **Total kostnad: kr 57 792,-**

Kostnad NINA med rabatt (utan å rekne kostnad av arbeidstid for utmarksforvaltar):

- Tannsnitt:  $253 - 65$  (95 % av 2-åringar) = 188 x kr 228,- = kr 42 864,-
- Utan tannsnitt: 4 (5 % av 2-åringar) x 120,- = kr 480,-

- **Total kostnad: kr 43 344,-**

**Kostnad Utmarksressurs:**

- Vaksen: 253 x kr 165,- = kr 41 745,-
- **Total kostnad: kr 41 745,-**

Godtgjersle på kr 40,- per innleverte kjeve: **663 x kr 40,- = 26 520,-** (ikkje normalt i andre kommunar).

Etter forskrift om forvaltning av hjortevilt (heretter kalla viltforskrifta) § 32 kan kommunen pålegge både jegerar og/eller jaktrettshavarar å rapportere opplysningar om viltbestanden i sitt jaktfelt eller vald. Dette ved å til dømes registrere sett hjort og samle inn kjevar.

**Alternativ for datainnsamling**

På hjorteutvalsmøte 13. mars 2023 vart forskjellige alternativ drøfta:

- Sende inn berre vaksne dyr kvart år.
- Sende inn kjevane kvart 3. år (meir økonomisk).
- Ingen offisiell ordning – valda har ansvaret sjølv.

Innleverte kjevar har tidlegare blitt registrert (ikkje telt opp), pakka og sendt til NINA som har gjort all vidare jobb. Totalt har det vore brukt rundt 1-1,5 arbeidsdag på dette arbeidet. Eventuell sortering, eller anna datainnsamling må difor reknast som ekstra arbeidstid for utmarksforvaltaren.

**Alternativ 1 - Fortsette som om vi er med i overvakingsprosjektet**

Alle kjevar vert levert og kalv og ungdyr vert sortert ut. Dei vaksne dyra sendast til aldersbestemming kvart år. Viss kapasitet kan kommunen gjennomføre måling av på dei dyra som ikkje vert sendt inn.

**Alternativ 2 – Samle inn kjevar 3. kvart år og sende til aldersbestemming**

Alle kjevar samlast inn 3. kvart år og vaksne dyr sendast til aldersbestemming. Kommunen kan (viss kapasitet) måle kjevelengde og kvalitetssikre data på kalv og ungdyr når desse sorterast ut.

Dette er eit billigare alternativ og eit kompromiss mellom kunnskap og pris. Det vil gje kunnskap om utviklinga av bestanden som kan gje grunnlag for oppdatering av den overordna kommunale forvaltningsplanen for hjort. Neste forvaltningsplan vil vere for perioden 2024-2026. For denne planen har vi god informasjon frå overvakingsprogrammet. Aldersbestemming må gjerast 2 år før planen skal fornyast for at informasjonen skal kunne nyttast i planskrivinga. Det vil sei at aldersbestemming må gjerast etter jakta i 2025 for å vere nyttig for ny plan i 2027.

**Alternativ 3 – Kjevar leverast ikkje inn til kommunen**

Valda lagar til ordningar for kontroll og/eller datainnsamling. Det er normalt i andre kommunar at styret i storvald kontrollerer kjevar for alle felte dyr, utan ekstra betaling frå kommunen.

**Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Ingen direkte då viltfondet dekker eventuelle kostnader. Indirekte vil kommunen betale i form av utmarksforvaltar sin arbeidstid som vert nytta til dette formålet.

Viltfondet hadde per 01.01.2023 kr 754 922,-.

Rekneskapen for viltfondet 2022 kan delast opp slik:

	Inntekt (kr)	Utgift (kr)	Kommentar
Fellingsavgift	207 400		

Rente 2021	11 379		
Ettersøksavgift jakt	88 920	87 324	Fråtrekk vakttelefon (jakt)
Offentlege ettersøk		94 186	
Merkeprosjekt Vesthjort		70 000	
Tilbakebetaling vald		66 901	Inkludert godtgjersle for levering av kjevar
Løyvde midlar (ikkje utbetalt)		76 270	
Anna		3 994	Sending av kjevar, manglar tilbakebetaling
<b>Totalt</b>	<b>307 699</b>	<b>398 675</b>	<b>Forskjell: kr – 90 976,-</b>

## Kommunedirektøren si vurdering

### **Vurdering av kjevekontroll**

Valda er pliktig etter viltforskrifta § 32 å rapportere inn årleg fellingsresultat. Det er forventa at alle valda har gode rutinar og kontrollerer at innrapportert informasjon er korrekt.

Etter jakta 2022 vart det kontrollert 524 kjevar som del av prøveordninga, som ga ein kostnad på rundt kr 21 000,-. Sjølv om innsatsen frå valda og jegerane var god, vart logistikken vanskeleg enkelte plassar. Fleire av valda meinte at kontrollen var god, men at den kunne ha vore gjort internt. Kommunedirektøren er samd i at slike kontrollar bør gjerast internt og er negativ til å ha ei kontrollordning der valda vert betalt for å kontrollere kvarandre. Viltfondsmidlar bør nyttast til ordningar som gjev meir kunnskap, ikkje til kontrollar som valda uansett er pliktige til å gjennomføre. Storvalda i kommunen får allereie eit driftstilskot til slikt.

Jakt bør vere tillitsbassert, men det er og viktig at valda har oversikt over kva som har vore skote i jakta. Valda må lage gode ordningar for internkontroll utan at nokon skal mistenkeleggjerast.

### **Vurdering av alternativ for datainnsamling gjennom kjeveinnsamling**

Overvåkingsprosjektet har gitt oss god kunnskap om alders- og kjønnsamansetting i bestanden vår utover det som er lett leseleg gjennom sett hjort registreringar, samt full oversikt over vektutvikling per kjønn og faktisk alder på dei eldre dyra. Det har vore vesentleg reduksjon i slaktevekter i Gloppen kommune sidan 1990-talet, ein trend det er viktig å snu med tanke på dyra si helse og kondisjon.

Vidare datainnsamling av god kvalitet er viktig for hjorteforvaltninga. Med god kunnskap om hjorten kan vi ta betre val når forvaltningsmål skal settast, og måloppnåing skal vurderast. Det som må vurderast er kva som er god nok kunnskap i forhold til kva ein er villig til å betale både i tid og pengar.

### **Alternativ 1 - Fortsette som om vi er med i overvåkingsprosjektet**

Vurdering av alderssamansetting i samband med jakttrykk på bukk vitnar om lite eldre bukk i uttaket. I kommunar som har jobba aktivt med å auke snittalderen på bukk, er det eldre hanndyr i uttaket sjølv om jegeren aktivt tek dei minste dyra. Dette er informasjon som vi ikkje får om vi berre nyttar indekser i sett hjort. I sett og felt hjort er eldre dyr klassifisert som 2,5 år og eldre. Dette gjev veldig liten forståing for samansetting mellom unge vaksne dyr, dyr i sin beste alder og dei gamle dyra.

Bremanger kommune samlar inn alle kjevane og gjennomfører aldersbestemming av vaksne dyr kvart år. Dei måler sjølv kjevelengde og kvalitetssjekkar innrapportert data. Valda får ikkje godtgjersle for å levere kjevane. Utmarksforvaltar i Bremanger brukar rundt 14 heile arbeidsdagar før kjevane blir sendt ut. Mykje av tida går med til å ringe rundt til dei som ikkje har levert, samt ringe for å kvalitetssjekke data.

Kostnaden for Gloppen vert mellom kr 40-60 000,- årleg avhengig av kven som vert nytta til å gjennomføre arbeidet og om kommunen sjølv måler kjevelengder og kvalitetssikrar data. Valda har fått godtgjersle for å levere inn kjevar som utgjer ein ekstra kostnad på kr 20-25 000,- årleg om det

skulle fortsette. I tillegg vert det ein kostnad for tidsbruk hos kommunen.

Verken kommunedirektøren eller hjorteutvalet ønskjer å nytte so stor del av viltfondsmidlane årleg på slik datainnsamling. Dette alternativet vert difor ikkje vidare vurdert.

### **Alternativ 2 – Samle inn kjevar 3. kvart år og sende til aldersbestemming**

Alternativet er eit kompromiss på kunnskap og kostnad som kan fungere godt. Ein får kostnaden kvart 3. år, men får framleis god informasjon og eit innblikk i utviklinga i hjortebestanden. Enkeltdyr av interesse kan aldersbestemast andre år, men då utan godtgjersle.

Vebjørn Veiberg (NINA) har informert om at ein kan få god innsikt i bestanden sjølv ved aldersbestemming berre 3. kvart år. Han oppmodar og om at dette bør knytast til periodane for oppdatering av planar og nye målsettingar i kommunen.

Stryn kommune samlar inn alle kjevane årleg for kommunal kontroll og sendar dei inn til aldersbestemming 3. kvart år. Arbeidstid er estimert til underkant av 2 veker. Frå 2023 skal valda kontrollere seg sjølv med mogleg stikkprøvekontroll frå kommunen. Valda har ikkje fått godtgjersle.

### **Alternativ 3 – Kjevar leverast ikkje inn til kommunen**

Valda har i alle alternativa ansvar for å gjennomføre kontrollar av felte dyr og vurdere dette opp mot innrapporterte felte dyr i Hjorteviltregisteret. Kommunedirektøren meiner at den beste måten å gjennomføre slik kontroll er gjennom internkontroll av alle kjevane utført av valdstyret eller andre utpeika personar tilhøyrande valdet.

Vektdata frå kalv og ungdyr bør ha størst fokus sidan dette er faste alderskategoriar og det er her ein ser dei tydelegaste signala om endringar i vekstvilkår i bestanden. I mange kommunar gjerast ikkje meir datainnsamling enn registreringar i sett og felt hjort.

### **Konklusjon**

Gloppen kommune har vore heldig som har fått vere med i overvåkingsprosjektet i 30 år og har fått god innsikt i eigen hjortebestand. I tillegg har kommunen eit stort viltfond og moglegheit til å gjennomføre meir datainnsamling. Likevel er det ikkje ønskeleg å ha ein so stor fast årleg utgift for å vidareføre kunnskapen. På grunn av ein god kapital på viltfondet har Gloppen kommune hatt moglegheit til å vere med på andre typar forskingsprosjekt som blant anna har sett på beitepress i skog og arealbruken til hjorten i kommunen. I tillegg skal kostnader knytt til offentlege ettersøk dekkast og periodevis kjem søknader frå grunneigarar, lag og organisasjonar om støtte til forskjellige tiltak som ligg innafor det som viltfondet forskriftsmessig kan nyttast til.

Det er ønskeleg å fortsette og nytte viltfondet til slike saker i tillegg til innsamling om alder på hjorten. Det er difor lagt fram forslag om å sende inn kjevar til aldersbestemming 3. kvart år som kan nyttast til vurdering av måloppnåing, samt å sette mål for hjortebestanden i framtida.

### **Kommunedirektøren rår til å følgje ein kombinasjon av alternativ 2 og 3.**

Valda er sjølv ansvarleg for å kontrollere at dei rapporterte felte dyra er korrekte og oppmodast til å nytte kjevekontroll som del av dette. Kvart 3. år leverer valdansvarleg inn kjevane til kommunen i etterkant av gjennomført kontroll i valdet. Desse åra får valda som leverer kjevar ei godtgjersle for innleverte kjevar med utfylt kjevelapp, som samsvarar med registrering i hjorteviltregisteret. Satsen vert sett til kr 20,- per kjeve. Vald i andre kommunar leverer kjevar kvart år utan godtgjersle.

Fyste år for kjeveinnsamling vert etter jaktseasonen i 2025. I utgangspunktet vert det vurdert at det billigaste alternativet er mest aktuelt. Kommunedirektøren vil vurdere alternativa (pris og eventuell eigeninnsats) nærare når nye prisar er tilsendt det aktuelle året.

## **Teknisk, miljø- og kulturutvalet 24.08.2023**

### **Behandling**

Saksbehandlar deltok under behandling av saka og orienterte innleiingsvis.

### **TMK- 035/23 Vedtak**

Teknisk, miljø- og kulturutvalet vedtar at valda står for eigen kontroll av felte dyr og dei oppmodast om å innføre ein form for kjevekontroll, for å kunne kvalitetssikre registrerte data i Hjorteviltregisteret.

Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 30 vedtar Teknisk, miljø- og kulturutvalet at valda 3. kvart år (med oppstart frå jakta i 2025) skal levere inn alle kjevar som del av kommunen sin datainnsamling. Alle vald får ei godtgjersle på kr 20,- per leverte kjeve med utfylt kjevelapp, som samsvarar med registrering i hjorteviltregisteret, om dei sendar inn nødvendig informasjon for utbetaling.

Med heimel i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5 a skal viltfondet nyttast til å dekke kostnader med aldersbestemming av leverte kjevar og godtgjersle til valda.

Vedtaket var samrøystes